



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
17/00187-2

Saksbehandlar:
Anders Prydz Cameron

Dato:
3. april 2017

Høyring - tilknytningskrav for familieinnvandring

Barneombudet visar til høyringsbrev frå departementet datert 3.2.2017 om «tilknytningskrav for familieinnvandring».

Vi kan ikkje støtte den endringa departementet foreslå. Konsekvensane forslaget kan ha for barn er for dårleg utreda, både når det gjeld forholdet til barnekonvensjonen og når det gjeld konsekvensar for barn.

I punkt 5.3 i høyringsnotatet går departementet gjennom innhaldet i artikkel 3, 9 og 10 i barnekonvensjonen. Dette er ei ren gjennomgang av noko av det materielle innhaldet i artikkane, men avsnittet inneheld inga drøftingar av forholdet mellom barnekonvensjonen og dei foreslegne endringane i utlendingsforskrifta.

Artikkel 3 i barnekonvensjonen (jamfør generell kommentar nr 14 frå FN's barnekomité) inneber ei plikt for staten til å utgreie konsekvensane av alle forslag for einskildebarn eller grupper av barn, og å vege omsynet til barna sitt beste opp mot andre omsyn. Barna sitt beste skal ha vekt som eit grunnleggjande omsyn, altså i utgangspunktet vege tyngre enn andre omsyn. Dette er ikkje gjort i høyringsnotatet, heller ikkje i avsnittet «Særlig om barn» under punkt 6.3. i høyringsnotatet. Igjen går departementet raskt inn på visse sider ved det materielle innhaldet i artikkelen, utan å gjere den vurderinga som er kravd og utan å relatere innhaldet i artikkelen direkte til forslaget.

Det går ikkje fram av høyringsnotatet kva konsekvensar endringane som departementet føreslår vil få for barn. Tvert om er det usikkert kor mange barn som vil verte råka av forslaget. Departementet beskriv om ei «snever adgang til likevel å innvilge søknad om familieinnvandring» viss «vilkårene forøvrig er oppfylt» (s. 10) som den moglegheita forvaltninga skal ha til å leggje vekt på omsynet til barn. Slike «snevre unntak» har i praksis ikkje gjort det mogleg å ta nok omsyn til barn i liknande høve – til dømes når det gjeld moglegheit til å fremje søknad om opphald frå Noreg (ul. § 56, tredje ledd).

Når konsekvensane forslaget har for barn er så uklare og dårleg utreda, kan vi ikkje støtte det. Vi anbefaler departementet å gjere unntak frå kravet om tilknytning i sakar der referansepersonen eller søkjaren er barn.

Vi takker for mogelegheita til å kommentere forslaget.

Venleg helsing

Anne Lindboe
barneombod

Anders Prydz Cameron
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.